



Vanylven kommune

Føresegner

Plan:	Planid: 202104		
Detaljregulering Sighaug gbnr. 5/12 m. fl, Akvakultur	Arkiv nr.: 21/1370		
Utarbeida av: OSE AS	Dato: 19.05.2022		
Revisjon i prosess:			
Vedtak/stadfesting:			
Avskrift:	Sign. kontroll:		
Endringer:	Saknr.	Dato:	Sign:

1. Siktemålet med planen

Mål med planarbeidet er å sikre berekraftig produksjon og fiskevelverd med å leggje til rette for:

- Leggje til rette for å kunne nytte masser frå Stad skipstunnel til utfylling i sjø
- Utvide areal/bygningsmasse for eksisterande akvakulturanlegg med RAS-teknologi (resirkulering av vatn)
- Leggje til rette for betre kai
- Leggje til rette for betre tilkomst til området frå fylkesvegen

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)

2.1.1 Universell utforming

Samferdsleanlegg og byggeområder som skal vere tilgjengeleg for publikum skal vere utforma slik at alle skal kunne nytte dei på ein mest mogeleg likestilt måte, så langt dette er praktisk mogleg med omsyn til aktivitet og produksjon ved anlegget.

2.1.2 Automatisk freda kulturminne

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til å straks melde frå til Møre og Romsdal fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne. Funn av automatisk freda kulturminne ved arbeid i sjøområda skal meldast til Bergen Sjøfartsmuseum.

2.1.3 Terrenghandsaming

Terrenginngrep i samband med utbygging skal skje mest mogleg skånsamt. Alle synlege skjeringar, fyllingar og fyllingskantar skal i hovudsak murast med naturstein eller såast til. Ved planting av skråningar og liknande skal det nyttast stadeigne artar.

2.1.4 Klimabelastning

Nye tiltak skal utformast, plasserast, dimensjonerast slik at dei kan stå i mot forventa framtidig auke i belastningar som følgje av vind, nedbør og slagregn. Det skal nyttast bestandig materiale.

2.1.5 Parkering

Krav om minst 1,2 biloppstillingsplassar per tilsett for planområdet, inklusiv gjesteparkering, rundast opp til heilt tal.

2.1.6 Kraftforsyning

Det kan etablerast nettstasjon innanfor planområdet.

2.1.7 Sikring

Høge skjeringar/fyllingar innanfor planområdet som kan vere til fare for ferdsel/oppald skal sikrast.

2.1.8 Brannberedskap

Ny bygningsmasse skal prosjekterast med minimum 1 punkt for tilkopling til sløkkjevattn. Plassering skal avklarast i samband med byggjesøknad.

2.1.9 Forureining

Lukt

Anlegget skal byggast, drivast og vedlikehaldas på ein slik måte at omgjevnadane i minst mogleg grad vert utsett for sjenerande lukt.

Sjø

Anlegget skal byggast, drivast og vedlikehaldas på ein slik måte at omgjevnadane i minst mogleg grad vert utsett for forureining.

Lys

Anlegget skal byggast, drivast og vedlikehaldas på ein slik måte at omgjevnadane i minst mogleg grad vert utsett for lysforureining.

2.1.10 Tiltak i sjø

For tiltak i sjø, må naudsynt løyve etter hamne- og farvasslova ligge føre, hamnestyret er hamnemynde, eventuelt løyve etter forureiningslova og løyve etter plan- og bygningslova. Alle tiltak i og knytt til sjø skal utførast på ein god estetisk og funksjonell måte, med etablering av mur, plastring eller kai.

2.1.11 Teknisk plan Veg og VAO

Det skal utarbeidast teknisk plan for veg, vatn, avløp og overvatn for planområdet. Teknisk plan for vatn og avløp, skal vise løysing for vassforsyning, avløp, overvatn og sløkkjevatn. Løysing for overvatn skal ta høgde for framtidig auke som følgje av klimaendring for dimensjonering av vassveggar. Nye løysingar for overvatn skal som hovudregel baserast på opne løysingar der det er mogleg. Nye løysingar for overvatn skal dimensjonerast med 30 – 40 % klimapåslag.

2.1.12 Krav til prosjektering

Fylling i sjø

Krav om geoteknisk detaljprosjektering og ansvarsrett (RIG) i byggjesaka for tiltak utfylling i sjø og kai. Mindre utfyllingstiltak som vil liggje innanfor byggjegrense på land, avgrensa til inntil 100 m³ for kvart tiltak, kan gjennomførast utan geoteknisk detaljprosjektering og ansvarsrett.

Ny kulvert

Krav om detaljprosjektering i byggjesaka for dimensjonering av hydraulisk kapasitet av forlenging eksisterande kulvert til sjø gjennom fylling og vurdering av opphoping av lausmasse i ny kulvert. Ny kulvert skal dimensjonerast med 30 – 40 % klimapåslag.

2.2 Miljøkvalitet (§ 12-7 nr. 3)

2.2.1 Anleggsperiode/-støy

I byggeområda skal støyproduksjon frå verksemd og aktivitetar ikkje medføre at grensene for utandørs støy etter retningslinjer i T-1442/2021 frå Miljøverndepartementet i bustad-område vert overskridne. Følgjande grenseverdier for utandørs støy ved bustadane vert lagt til grunn:

- Gjennomsnittleg døgnaktivitet dag, Lden = 55 dB på dagtid kl. 07-19
- Gjennomsnittleg døgnaktivitet natt, Lnight = 45 dB på natt kl. 19-07

Følgjande støygrenser skal være gjeldande for støy i anleggsperioden:

Bygningstype	Støykrav på dagtid (LpAeq12h 07-19)
Bustad	65

2.2.2 Utfylling i sjø

- Ved utfylling i sjø er det krav om å halde spreieing av finstoff på eit minimum. Vurdere avbøtande løysingar som hindrar spreieing av finstoff.
- Utfylling/arbeid i sjø som kan medføre spreieing av finstoff frå sprengstein skal ikkje skje i januar – februar, då det kan skade yngel av marine artar.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Bygninger og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1 Næringsbygg (1300) NÆ

- NÆ er areal for akvakulturanlegg med tilknytte funksjonar.
- Formålet skal nyttast til etablering av landbasert oppdrettsanlegg. Mindre konstruksjonar/tiltak knytt til drift av anlegget kan førast opp utanfor byggjegrensa. Ferskvasstank kan delvis leggest utanfor byggjegrensa.
- For fasade og takteking skal det nyttast dempa naturfargar tilpassa omgjevnaden. Det skal vere variasjon i fasade for å bryte opp store flater, med bruk av material- og fargebruk.
- Det kan ikkje nyttast reflekterande materiale i fasade eller tak.
- Tillate utnytting er sett til BYA = 80 %, inklusiv biloppstillingsplassar.
- Maksimal gesimshøgde er 8 m over gjennomsnittleg planert terreng.
- Maksimal mønehøgde er 9 m over gjennomsnittleg planert terreng.
- Mindre naudsynte tekniske installasjonar kan gå over tak, avgrensa til maksimalt 20 % av takflata.
- Det kan maksimalt byggjast ut med 12 000 m² BRA, delt over inntil to plan.
- Tekniske installasjonar skal der det er mogleg integrerast i bygningsvolumet.
- Det kan etablerast utandørs areal for begge etasjeplan, knytt til drift og vedlikehald.
- Kotehøgde formålsgrense mot sjø referer til kote 0 (NN2000).

3.1.2 Kai (2041) KAI

- Formålet er regulert med lengde og breidde som synt i plankartet.
- Høgde kaifront vert sett til minst kote 2,6 - 3,0 m (NN2000).
- Krav om prosjektering av bereevne og dimensjonering i samband med byggjesøknad.
- Tiltak i tryggleiksklasse F1 under kote 3,1 m (NN2000) må dimensjonerast for å tole å bli overfløymd/bølgjepåverknad.
- Formålet kan flyttast inntil 10 m mot aust, men ikkje auke utstrekning (lengd) av kai.
- Byggjegrense for formålet følgjer formålsgrense.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- VAO-anlegg og anna teknisk infrastruktur kan etablerast i vegtrase/grøft/sideareal.
- Regulert veg KV2 skal opparbeidast som synt i plankartet. Det er opna for mindre justeringar av vegline, inntil 1 m, for å gje betre trafikal løysing.

3.2.2 Køyreveg (2010) KV

Vegar med prefiks o skal vere offentlege.

- o_KV1 skal vere offentleg veg.

3.2.3 Vegbreidder

- o_KV1 er eksisterande fv5852 og blir regulert som bygd, med breidde 6,5 m inklusiv skulder.
- Veg KV2 kan opparbeidast med breidde synt i plankartet.

3.2.4 Annan veggrunn (2018) AVT

- I formål annan veggrunn inngår skjerings- og fyllingsskråningar, grøntområde, grøfter, murer, stabiliserande tiltak og liknande. Det kan etablerast permanente terreng endringar og nødvendige konstruksjonar/tiltak innanfor formålet.
- Det skal sikrast kantvegetasjon langs bekken med breidd 6 m for å motverke erosjon og leggje til rette for levestad for dyr og planter. Dersom kantvegetasjonen utgjer trafikkfare kan vegetasjon fjernast.

3.3 Landbruks-, natur- og friluftformål (§ 12-5 nr. 5)

3.3.1 Landbruksformål (5110) L

- Areal for nødvendige tiltak for landbruk, og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden.

3.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.4.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (6001) BSV

- Det kan leggjast forankring i formålet, desse skal merkast og leggjast slik at dei ikkje hindrar ferdsel til formål KAI.
- Innanfor formålet kan det fyllast med masse fram til grense fyllingsfot. Avgrensing av fyllingsfot er synt i plankartet med byggjegrænse i sjø.
- Innanfor formålet kan det leggjast leidningar i sjø og anna infrastruktur knytt til akvakulturanlegget.

3.4.2 Hamneområde i sjø (6220) HOS

- Formålet skal nyttast til manøvreringsareal for tilkomst kai.
- Det skal ikkje gjerast tiltak som hindrar tilflott til formålet.
- Innanfor formålet kan det fyllast med masse til fyllingsfot. Avgrensing av fyllingsfot er synt i plankartet med byggjegrænse i sjø.
- Innanfor formålet kan det leggjast leidningar i sjø og anna infrastruktur knytt til akvakulturanlegget.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a) (sone H320)

4.1.1 H320 er omsynssone for flaum med årleg sannsyn større enn 1/200.

- Krav for tryggleiksklassar i teknisk forskrift må følgjast ved nye tiltak. Tryggleikskrava kan ein oppnå anten ved å:
 - o plassere byggverk utanfor flaumutsett område (over gitt kotehøgde)
 - o sikre byggverk mot overfløyning
 - o dimensjonere og konstruere byggverket slik at det toler belastningane og ein unngår skadar.
- Ved planvedtak gjeld følgjande kotehøgder for flaum i høve TEK17:

Tryggleiksklasse F2 (kontor, industribygg, bustad osv.)	200-års flaum	Kote +3,3 m (NN2000)
Tryggleiksklasse F1 (kai, mindre tiltak osv.)	20-års flaum	Kote +3,1 m (NN2000)

- Byggverk som i kraft av funksjonen sin må liggje i flaumutsette område, slik som til dømes kai, må konstruerast og oppførast slik at dei er i stand til å tole belastningane under flaum.
- Installasjonar som ikkje vil tole høg vasstand og bølgepåverknad, må plasserast utanfor flaumutsett område.

4.1.2 H310 er omsynssone for skred med årleg sannsyn større enn 1/100 og 1/1000.

- Omsynssone H310_1: Skredfaren innanfor desse omsynssonene har større årleg sannsyn enn 1/100. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S1, S2 og S3. (jf. Byggt teknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.
- Omsynssone H310_2 : Skredfaren innanfor desse omsynssonene har større årleg sannsyn enn 1/1000. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3. (jf. Byggt teknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

Skred med årleg sannsyn større enn 1/5000.

- Sidan det ikkje er gjennomført skredfarevurdering for skredfare 1/5000 opnar ikkje planen for tiltak som fell inn under tryggleiksklasse S3.

4.1.3 H370 omsynssone for elektromagnetisk stråling

Innanfor omsynssonene skal det ikkje leggast til rette for varig opphald på grunn av elektromagnetisk stråling.

5. Rekkjefølgjeføresegner (§ 12-7 nr. 10)

5.1 Før ramme-/igangsetjingsløyve

- Ved evt. behov for godkjenning frå andre instansar/lovverk (t.d. arbeidstilsynet, fylkeskommunen, Statsforvaltaren, fiskeridirektoratet, kystverket osv.) skal dette føreligge ved søknad.
- For utbygging i område NÆ skal godkjent teknisk plan for vatn og avløp med løysing for sløkkjevattn leggast ved søknad.
- Plan for handtering av overvattn og handtering av vassvegar skal avklarast før det vert gitt igangsetjingsløyve. Planen må ta omsyn til framtidig auke i nedbør (klimaframskrivingar).
- Før det vert gjeve byggjeløyve for nye driftsbygg innanfor areal NÆ, som gjev auka trafikk langs veg, skal tilfredsstillande tilkomst (KV2) vere opparbeidd.

5.2 Før bruksløyve

- Før det vert gjeve bruksløyve for driftsbygg innanfor areal NÆ skal godkjent VA-løysing og andre naudsynte tekniske anlegg vere etablert.